



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

LÆGREID SKULE



18. -20. MARS 2003



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

1 Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

9 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

2 FAKTA OM SKULEN

Læg Reid skule er ein kombinert barne- og ungdomsskule med 121 elevar. Det er 20 pedagogisk tilsette og 5 assistentar. 2. og 3. klasse går ilag. Elles er skulen fulldelt.

3 VURDERINGSTEMA

Læg Reid skule har bede om vurdering på følgjande tema :

Korleis verkar den nye organiseringa av skuledagen for elevar, lærarar og foreldre

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Elevane trivst på ungdomsskulen	<ul style="list-style-type: none">- elevane er godt nøgde med aktivitetane i midttimen- det er arbeidsro i studietimane- elevane får hjelp frå lærar i studietimane- dei vaksne på skulen er tydelege- elevane kan velja om dei vil samarbeida eller arbeida åleine- det er godt klassemiljø
Arbeidsplanar over fleire veker fungerer godt	<ul style="list-style-type: none">- arbeidsmåtane på planane er varierte- læringsmåla er tydelege på planane- planane er tilpassa den einskilde elev- det er passe arbeidsmengd på planane- elevane kan planlegga bruk av studietida- elevane får vurdere eige arbeid med planen
Det er godt samarbeid heim/ skule	<ul style="list-style-type: none">- foreldra er informerte om organiseringa av skulen- foreldra får nok informasjon frå skulen- foreldra får god informasjon frå skulen- foreldra kan følgja med på elevane sitt arbeid med arbeidsplanane- foreldra opplever klasseforeldremøta som nyttige
Organisering av skuledagen	<ul style="list-style-type: none">- det er passe lange arbeidsøkter- elevane får høve til å ta pausar- pausane er passe lange- studietimane er godt plassert på timeplanen



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne : elevar, lærarar, assistent og foreldre på ungdomstrinnet
- Eksterne : Turid Mykkeltvedt og Torgeir Vassnes frå vurderingsgruppa i Voss/Hardanger kompetanseregion.

Grunngjeving for val av informantar

Den nye organiseringa av skuledagen på ungdomstrinnet påverkar både elevar, tilsette på skulen og foreldre. Difor var det viktig at alle desse var med på å gi informasjon til det eksterne vurderingsparet.





Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Tidsbruk på Lægreid skule:

TID	TILTAK	ANSVAR
Jan. 03.	Skulen melder inn vurderingstema og sender relevante planar m.m. til vurderingsgruppa.	Skulen
18/2 - 03.	Møte mellom vurderingsgruppa og skulen for gjensidig presentasjon og endeleg fastsetjing av fokusområde. Representantar frå skulen og vurderingsparet avgjer kven som skal ta del i vurderinga, og vert samde om ei skisse til tidsplan.	Begge partar
Veke 8..	Vurderingsparet lagar spørjeskjema for å skaffa seg kunnskapsgrunnlag – for foreldre, elevar og personalet, og sender desse til skulen.	Vurderingsparet
Veke 10.	Spørjeskjema vert fylt ut av foreldre, elevar og personalet. Avkryssa skjema vert sendt attende til vurderingsparet, etter avtale.	Skulen
Veke 11.	Oppsummering av spørjeskjema. Kriterium og teikn på god praksis vert utarbeidd og sendt til skulen for godkjenning. Skulen drøftar og godkjenner, ev. endrar kriterium, og gjev tilbakemelding til vurderingsgruppa. Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema.	Vurderingsparet Vurderingsparet Skulen Vurderingsparet

Veke 11.	<p>Vurderingsparet ønskjer samtalar med tre elevgrupper (tirsdag 18). Praktisk tilrettelegging.</p> <p>Vurderingsparet ønskjer samtale med tre grupper tilsette, lærarar 8. klasse, 9. klasse og 10. klasse (tirsdag 18).</p> <p>Praktisk tilrettelegging.</p> <p>Vurderingsparet ønskjer møte med FAU og klassekontaktane tirsdag 18.mars. kl. 20.00.</p> <p>Praktisk tilrettelegging og innkalling.</p>	<p>Skulen.</p> <p>Skulen</p> <p>Skulen</p>
Veke 12.	<p>Vurdering .</p> <p>Tirsdag 18. feb.</p> <ul style="list-style-type: none"> - samtale med tre elevgrupper, utplukka av vurderingsparet - samtale med tre grupper tilsette - møte med FAU og klassekontaktane kl. 20.00 <p>Onsdag 19.mars.</p> <ul style="list-style-type: none"> - samtale med assistent og rektor - observasjon av studietimar, midttide, vanlege timar - observasjon ute og inne. <p>Torsdag 20. mars.</p> <ul style="list-style-type: none"> - analyse og oppsummering - mellombels rapport vert lagt fram for personalet, og drøfta med dei 	<p>Vurderingsparet</p> <p>Vurderingsparet.</p> <p>Vurderingsparet.</p> <p>Praktisk tilrettelegging, skulen.</p>
Veke 13.	<p>Endeleg rapport og vurderingsdokument vert sendt skulen og Eidfjord kommune.</p>	<p>Vurderingsparet</p>
Veke 14.	<p>Skulen vert bedne om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget, og senda til vurderingsparet</p>	<p>Skulen</p>
April –03.	<p>På rektormøte deler rektor sine erfaringar m.m. med dei andre skulane i kommunen. Rapport, spørjeskjema og observasjonskjema vert lagt ut på regionen si nettside.</p>	<p>Kommunen/regionen</p>



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sende vurderingsparet diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan og døme på arbeidsplanar.

Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut eit spørjeskjema for å få overflateinformasjon. Dette vart fylt ut av foreldre, elevar og lærarar og returnert til vurderingsparet for oppsummering.

Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa gav kunnskap om

- trivsel på ungdomstrinnet
- arbeidsplanane
- samarbeid heim/skule
- organisering av skuledagen

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i L-97, skulen sine planar og resultatet av spørjeundersøkinga.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtaleguidar for samtalar med dei tilsette og elevane. Vi laga også ein møteplan for foreldremøte (klassekontaktar og FAU).

Vurdering

Vurderingsparet føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå elevane, dei tilsette og foreldra mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

**8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN
VURDERINGSOMRÅDET**

- **den nye organiseringa er positiv for alle partar i skulesamfunnet**
- **midttimen**
- **arbeidsplanar over to veker**
- **studietid med høve til avspasering**

Elles:

- **miljøet i klassane er godt**
- **reflekterte og hyggelege elevar**
- **personalet er interessert i pedagogisk utviklingsarbeid**
- **det fysiske miljøet på skulen, ute og inne, verkar inspirerende**





9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- **tilpassa arbeidsplanane betre til den einssilde elev**
- **tydelegare læringsmål i faga på arbeidsplanane**
- **elevane får vurdere eige arbeid med arbeidsplanane**
- **informasjonsrutinar til foreldre**
- **få til lengre pausar mellom arbeidsøkter**

UTDJUPING AV UTVIKLINGSOMRÅDE

- **tilpassa arbeidsplanane betre til den einssilde elev:**
Grunnskulen byggjer på prinsippet om likeverdige og tilpassa opplæring for alle i eit samordna skulesystem (L-97 s. 56).
For å oppnå dette må kvar einssild elev få sin eigen plan eller få høve til å velje lærestoff som høver til føresetnadane for den einssilde elev. (L-97 s. 58)
- **tydelegare læringsmål i faga på arbeidsplanane:**
Læringsmåla vil bevisstgjera elevane om at det er viktigare å læra enn å bli ferdig med planen. Det er ikkje godt nok at læringsmåla står i halvårsplanen. Dette er ikkje relevant informasjon. Tydelege læringsmål gjer òg at foreldra lettare kan fylgja med i borna sitt arbeid.
- **elevane får vurdere eige arbeid med arbeidsplanane:**
Gjennom vurdering av eige arbeid med arbeidsplanen vil elevane verta meir medvitne på korleis dei arbeidar.
Elevane skal vera aktive deltakarar i arbeidet med vurdering og øve opp evna til å ta medansvar for og vurdere sitt eige arbeid. (L-97 s.79)
- **informasjonsrutinar til foreldre:**
Ein føresetnad for godt samarbeid er god kommunikasjon. Da er det første kravet at heimen får god informasjon. Foreldra må vite korleis opplæringa er lagd opp. (L-97 s. 60). Signatur på arbeidsplanar.
- **få til lengre pausar mellom arbeidsøkter:**
Alle partar i skulesamfunnet ynskjer dette.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

10 VIDARE ARBEID ETTER MARS – 03 LÆGREID SKULE

Utviklingsområde	Idear
Tilpassa planane betre til den einskilde elev	"Nivåval"
Tydelegare læringsmål i faga på arbeidsplanane	Ta med læringsmål (kort) i ruta heilt til venstre. Læringsmål i staden for kva dei skal gjera i timane?
Elevane får vurdere eige arbeid med arbeidsplanane	Skriftlege rutinar. Faste skjema.
Informasjonsrutinar til foreldre	Fast info-skriv frå skulen til foreldra, både frå administrasjon og klassestyrarar. Ein gong i månaden?
Få til lengre pausar mellom arbeidsøktene.	Legg matpausen inn i arbeidsøkta, eller utvid skuledagen med 10 min.

6 månader etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Eidfjord 20. mars 2003

Namn
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Namn
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss